

Indeksar på pelssau – kva indeksane fortel.

Hausten er tida då dei fleste sauehaldarar studerer indeksane. Her er utruleg mykje informasjon å henta, men ikkje alltid like lett å forstå. I tillegg vert det gjort endringar år for år. Nedanfor følgjer ein gjennomgang og oppdatering når det gjeld indeksar på pelssau.

Den som er med i sauekontrollen og som har sytt for å få dømt pelslamma og innrapportert dette i kontrollen, får utrekna O-indeks på alle individ av pelssau. Ein må også ha gitt melding til avlsleiinga om at indeksar skal utreknast. I denne O-indeksen er pelseigenskapane tekne omsyn til.

O-indeks

O-indeksen skal gje eit uttrykk for forventa samla avlsverdi av dyret. Høg O-indeks tilseier at dyret har stor forventa avlsverdi. Ei rekkje eigenskapar og registreringar er tekne omsyn til.

For norsk pelssau er dei ulike eigenskapane vektlagt slik i O-indeksane som vert utrekna i 2023:

Slaktevekt (direkte) - 20 % Farge - 3 %

Slakteklasse - 25 % Fargepoeng - 5 %

Feittgruppe - 0 % Lokkstørrelse - 5 %

Vårvekt_morsevne - 8 % Lokkpoeng - 10 %

Slaktevekt_morsevne - 12 % Glanspoeng - 2 %

Lammetal - 5 % Pelsavvikspoeng - 5 %

Slakteklasse er som ein ser vektlagt med heile 25 %, dvs. at dyr med gener for god slakteklasse vil dra O-indeksen godt oppover. Feittgruppe er ikkje vektlagt i det heile. Morseigenskapane er tilsaman vektlagt med 20 %. Lammetalet er ein sokalla "optimumseigenskap". Når indeksen vert rekna ut, premierer ein dyr med eit middels lammetal, og ein straffar dyr med færre eller fleire lam enn det ein ynskjer. Vektlegginga på 5 % og optimum er sett slik at lammetalet skal halda seg slik det er i dag.

Pelseigenskapane er til saman vektlagt med 30 %, og det er lagt mest vekt på lokkpoenget, dvs. kor jamn og sterk lokken er. Den store vektlegginga på pelseigenskapane fører til at dyr med gode gener for pelseigenskapar vil få høg O-indeks. Frå og med hausten 2019 er eigenskapen "Glans" vurdert særskilt ved dømninga av pelslam. Denne eigenskapen er vektlagt med 2 %.

Det er elles verdt å merka seg at avvika som pelsindeksane er rekna ut etter er i forhold til middeltalet i den enkelte flokk. Det er difor viktig av lamma i den enkelte flokk, så langt det er råd, vert dømde etter same "mal", helst same person. Altså: pelseigenskapane for avkom etter

søye A eller etter ver X vert målte opp mot middelet i den enkelte flokk. O-indeks kan ikkje utreknast dersom det ikkje er gjennomført pelsdøming i flokken og data om pelseigenskapar såleis manglar.

Delindeksar

I tillegg til O-indeksen vert det utrekna ei rekkje delindeksar. Sjølv om nokre av eigenskapane ikkje vert vektlagde i O-indeksen, gir delindeksane oss verdifulle opplysningar om forventa gener. For den som er medlem i NSG og såleis har fått tilsendt «Seminværkatalog 2023» saman med medlemsbladet, finn ein på baksida ei god forklaring på kva delindeksar for slakteiegenskapar og morseigenskapar fortel. Du kan også finna det på heimesida til NSG: https://www.semin.nsg.no/files/katalog_ver/NSG_Seminkatalog_Sau_2023_web.pdf.

Det er utrekna delindeksar for dei ulike pelseigenskapane på same måte som delindeksar for slaktevekt, slakteklasse osv. Nedanfor skal me sjå litt på korleis delindeksane for pelssau er framkomne og kva dei gir av informasjon.

Delindeks for farge

Her er det teke utgangspunkt i koden for farge. Kodetalet vert høgare di mørkare fellen er. Ekstra lysgrå har t.d. kode 3, medan grå har kode 5 og svart har kode 8. Det inneber at høg delindeks for farge tyder på arveanlegg for mørk pels, medan låg delindeks indikerer anlegg for lysare pels. Den som ynskjer gen for lysare dyr, må difor nytta ver med låg delindeks for farge.

Farge er som ein ser ovanfor vektlagt med 3 % i O-indeksen. Dersom ein nytta kodane for farge direkte i utrekninga av O-indeksen, ville dyra med gen for mørke skinn bli premierte. Dette ynskjer ein ikkje. Difor har ein sett eit "optimum" som gjer at dei ynskte fargenyansane (kvitgrå, ekstra lysgrå, lys grå, grå og mørkgrå) er det gunstigaste. Det er krevjande å finna "kvar optimum" for farge hamnar, men vi kan kanskje tenkja oss at den gjerne ligg ein stad på den lysegrå - grå skalaen.

Delindeks for fargepoeng

Poengskalaen går frå 1 til 6, der 6 vert gitt for klår og rein farge med heilt jamn fargeutbreiing.

Høg delindeks for fargepoeng inneber at dyret har arveanlegg for jamn farge som er klår og rein over heile dyret.

Det viser seg at mørke dyr mykje oftare har jamn farge enn dei lyse, og følgeleg oppnår dei høgare fargepoeng og såleis høgare delindeks for fargepoeng. Sidan fargepoeng vert vektlagt med 5 % i O-indeksen, vil vi på sikt avle oss mot noko mørkare dyr. Dette er noko vi må vera vakne for. Uynskte fargeavvik som ål, mørk manke, lys bak bogen osv. kjem berre til uttrykk i lågare fargepoeng. Det vert ikkje registret på annan måte i sauekontrollen.

Delindeks for lokkstørrelse

Slik som for farge, er det kodar for dei ulike lokkstørrelsane: kode 1 for liten lokk, kode 2 for middels lokk, kode 3 for stor middels lokk, kode 4 for stor lokk, kode 5 for bølga lokk og kode 6 for manglande lokk. Ved utrekning av delindeks for lokkstørrelse nyttar ein kodane slik dei er. Det inneber at di høgare delindeksen er for lokkstørrelse, di større lokk kan me forventa på avkommet.

Lokkstørrelse er, som ein ser ovanfor, vektlagt med 5 % i O-indeksen. På same måte som for farge har ein sett eit "optimum" som gjer at dei ynskta lokkstorleikane (middels lokk, stor middels lokk og stor lokk) er det gunstigaste. Det er berre middels lokk, stor middels lokk og stor lokk som stettar krava til kåring.

Delindeks for lokkpoeng

Poengskalaen går frå 1 til 6, med 6 for jamn og sterk lokk. Høg delindeks for lokkpoeng tyder på arveanlegg for høg kvalitet på lokken (godt skrudd tredimensjonal lokk) og jamn lokk over heile dyret. Indeksen fortel derimot ikkje kva som har ført til låg delindeks (låge lokkpoeng). Det kan vera ujamn lokkstørrelse (både liten, middels og stor lokk på same individ), eller det kan vera bølga lokk eller manglande lokk som har gitt låge lokkpoeng. Likeeins vil laus lokk ha ført til låge poeng for lokk.

Sidan lokken er viktig for pelskvaliteten, er den vektlagt med 10 % i O-indeksen.

Delindeks for glanspoeng

Eige poeng for glans vart innført hausten 2019. Høg delindeks for glanspoeng tyder på

arveanlegg for god glans og silkekjenle i skinnet.

Delindeks for pelsavvikspoeng

Hausten 2019 vart pelshårspoenget erstatta av eit nytt omgrep, "pelsavvikspoeng". Dersom dyret ikkje har uønskte pelshår slik som botnull ("spindel"), manhår, daudhår eller har for tynne pelshår, så får dyret beste karakter, dvs. 6 poeng. Så vert det føreteke trekk i poeng alt etter omfanget av uønskte pelshår. Har dyret høg delindeks for pelsavvikspoeng, kan me forventa at dyret gir avkom med lite innslag av botnull, manhår osv.

Delindeks for pelstettleik

Slik som for farge og lokkstørrelse er det kodar for tettleik: kode 1 – for open, kode 2 – litt open, kode 3 – optimal dekning, kode 4 – litt tett og kode 5 – for tett. Det er berre kode 2, 3 og 4 som stettar krava til kåring. Ved utrekning av delindeks for pelstettleik nyttar ein kodane slik dei er, men med omvendt skala. Det inneber at når eit dyr har høg delindeks for pelstettleik, reknar me med at dyret har gen som gir glissen fell.

Pelstettleik er ikkje vektlagt i O-indeksen.

Arvegrader og samanheng mellom dei ulike eigenskapane

Arvegrad er eit uttrykk for kor stor del av variasjonen mellom dyr som skuldast arv. Arvegraden kan variera frå 0 til 1. Dersom arvegraden er 1,0 så skuldast all variasjon mellom dyr arv.

Dersom arvegraden t.d. er 0,20 så skuldast variasjonen mellom dyr 20 % arv og 80 % miljø.

Avlsleiinga reknar ut arvegrader på dei ulike eigenskapane med jamne mellomrom. Siste utrekninga viser at farge har svært stor arvegrad, heile 0,71. Dei andre pelseigenskapane har middels høg arvegrad (fargepoeng – 0,20, storleik på lokken – 0,49, lokkpoeng – 0,32, glanspoeng og pelsavvikspoeng – 0,31). Det er difor mogeleg å få god framgang dersom ein vektlegg ein av desse eigenskapane. Til samanlikning kan nemnast at arvegraden for slaktevekt morsevne berre er 0,09. Ynskjer ein framgang for fleire eigenskapar samtidig, vil det ta mykje lengre tid å få framgang. Men sidan det er ein viss positiv samanheng (korrelasjon) mellom fleire av eigenskapane som er nemnde ovanfor, kan framgangen samla sett likevel bli bra. Den arvelege korrelasjonen mellom t.d. lokkpoeng og glanspoeng er 0,85 (ved fullstendig samanheng er talet 1,0). Den sterke korrelasjonen mellom desse to parametrane betyr i praksis at dersom ein avlar for jamn og sterk lokk, oppnår ein også god framgang for glansen. Fullstendige

tabellar over arvegrader og korrelasjonar finn du på side 10 i referat frå møte nr. 2/23 i

Avlsrådet for sau: https://www.nsg.no/getfile.php/13181614-1693873743/_NSG-PDFfiler/Sau/M%C3%B8tereferat%20Avlsr%C3%A5det%20for%20sau/2023/Avlsr%C3%A5det%20for%20sau%20juni%202023%20-%20Referat.pdf.

Kvar finn ein indeksane?

Dyr i eigen flokk – For å få god oversikt treng ein TRE rapportar. Logg inn på

<https://www.animalia.no/>. Under "Rapporter" vel ein "Paring/avl" og vidare "Avlsindeksar".

Her finn ein O-indeks (1) og dei "vanlege" delindeksane. Dersom ein under "Rapporter" vel "Pels", finn ein to val – "Pelsindeksar" og "Pelsdømming". Vel ein "Pelsindeksar" (2), finn ein alle delindeksane for pelseigenskapar. Vel ein "Pelsdømming" (3), finn ein dømeresultatet for det enkelte dyr. Ein finn opplysningar både for levande ("innmeldt") og slakta ("utmeldt") dyr.

Kåra verlam frå andre flokkar – Gå inn på www.saueavl.nsg.no/. Vel "Kårede værer" og skriv inn kåringsnummeret i øvste feltet og klikk på "Søk". Dersom ein klikkar på lammet sitt kåringsnummer som kjem opp nedanfor, får ein opp opplysningar om lammet. Ved å klikka på "Kåringsskjema" kjem dette skjemaet fram. Under lammet sine indeksar finn ein siste O-indeks og dei ulike delindeksane. Merk at dette gjeld berre fram til verlammet er eitt år. Etter den tid vil desse felte stå tomme. Avlsrådet gjorde i møte den 17.-18. 2020 under sak 21.3.8 vedtak om at det ikkje skal publiserast oppdaterte indeksar på kåra verlam ut over første året.

Granska verer – gå inn på www.saueavl.nsg.no/. Vel "Væreindeksar" og skriv

kåringsnummeret til veren i øvste feltet. Etter å ha søkt opp veren og klikka på

kåringsnummeret, får ein opp opplysningar om veren. Til høgre i biletet finn ein både Oindeksen og alle dei ulike delindeksane.

Dersom du ikkje er medlem i sauekontrollen, så meld deg inn no! Kontrollåret startar med registrering av paringa. Du vil sjå at sauehaldet vert mykje meir interessant, og du vil betre kunna skilja mellom gode og mindre bra dyr. Du vil óg sikkert finna at mange av registreringane som trengs i sauekontrollen, gjer du allereide i dag.

Lukke til med pelssauavlen!

Sogndal, 26.10.23

Leif Arne Nordheim